

## Referat frå møte nr. 71, 16. juni 2016

**Dato:** 24.juni 2016

**Til stades:** **Baard-Christian Schem**, Helse Vest RHF, leiar  
**Alf Henrik Andreassen**, Helse Bergen HF  
**Gunnar Mellgren**, Helse Bergen HF  
**Marit Solheim**, Helse Førde HF  
**Stein Tore Nilsen**, Helse Stavanger HF  
**Dag Rune Olsen**, Universitetet i Bergen  
**Jarle Eid**, Universitetet i Bergen  
**Nina Langeland**, Universitetet i Bergen  
**Kjell Bernstrøm**, Universitetet i Bergen  
**Eyvind Rødahl**, Universitetet i Bergen  
**Frøydis Bruvik**, observatør, Dei private, ideelle institusjonar  
**Jannicke Ludt**, observatør, Noregs forskingsråd

**Forfall:** **Pål Berger**, brukarrepresentant  
**Jan Petter Larsen**, Universitetet i Stavanger  
**Haldis Økland Lier**, Helse Fonna HF  
**Anne Kari Hersvik Aarstad**, observatør, høgskulane i regionen

**Sekretariatet:** **Ernst Omenaas**  
**Sølvi Lerfald**  
**Øystein Svindland** (referent)

Saksnr.	Sak
<b>Sak 21/2016</b>	<b>Godkjenning av sakliste og referat</b>
Vedtakssak	Innkalling til møte 16. juni 2016 og referat frå møte 13.april 2016 vart godkjent. Éi sak vart meldt til eventuelt.
<b>Sak 22/2016</b>	<b>Rammer og retningslinjer for søknadsprosessen 2017</b>
Vedtakssak	Nye rammar og retningslinjer for søknadsprosessen 2017 blei først diskutert på møtet i samarbeidsorganet i februar (sak 03/2016). Som ei oppfølging av dette blei forslag til reviderte retningslinjer no lagt fram i dette møtet. To nye moment er kome til: <ol style="list-style-type: none"> <li><b>Hovudkomitéleiar foreslår at alle søkjarar får tilbakemelding innan tre veker etter vedtak.</b> Talet på dei som ønskjer tilbakemelding har auka jamt dei siste åra. Arbeidsbelastninga for hovudkomiteens leiar har difor auka tilsvarande. Ei kortfatta tilbakemeldinga til alle søkjarar som vert utforma i vurderingsperioden vil vere mindre arbeidskrevjande enn noverande ordning der det i ettertid vert utforma ei tilbakemelding. Samarbeidsorganet sa seg einig i dette. Tilbakemeldinga til alle søkjarane bør vere kort, standardisert og skjemabasert.</li> <li><b>Prinsipiell avklaring VID - ny høgskule:</b> Høgskulane Diakonhjemmet, Haraldsplass, Betanien og Misjonshøgskolen er slått saman til VID vitskaplege høgskule. Samanslutninga er organisert med hovudkontor og rektor i Oslo og tre</li> </ol>

	<p>fakultet organisert på tvers av geografiske grensar.</p> <p>Samarbeidsorganet er av den oppfatning at dei private høgskulane kan samanliknast med mellom anna Noklus og Kreftregisteret, som er nasjonale einingar som samhandlar og yt sørvis til helseføretaka i vår region. Ingen av desse har tilgang til å søkje Helse Vests forskingsmidlar.</p> <p>Den prinsipielle tilnærminga er følgjeleg at tilsette i VID ikkje kan få tilgang til å søkje Helse Vests forskingsmidlar. Likevel kan tilsette ved VID fortsatt søkje dersom dei også er tilsett ved eit helseføretak/privat ideell institusjon som har avtale med Helse Vest.</p> <p>Vedtak:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• <i>Samarbeidsorganet vedtar utlysingstekst, rammar og retningslinjer for søknadsprosessen 2016 som grunnlag for fordeling av midlar for 2017.</i></li> <li>• <i>På bakgrunn av at regionens høgskular er fusjonert inn i den nasjonale eininga VID vitskaplege høgskule, vil det ikkje være søknadstilgang for tilsette ved dei tidlegare private, regionale høgskulane.</i></li> </ul>
<b>Sak 23/2016</b>	<b>Tiltak for å heve kvaliteten og forskingskompetansen på rusfeltet</b>
Vedtakssak	<p>Samarbeidsorganet vedtok i februarmøtet i år å opprette ei arbeidsgruppe som skulle gi konkrete forslag til tiltak for å heve kvaliteten og forskingskompetansen på rusfeltet (sak 04/2016).</p> <p>Arbeidsgruppas rapport er no ferdig. Gruppas forslag til kortsiktige og langsiktige tiltak blei diskutert i møtet. Mellom annan blei det påpeikt at samhandling og dialog mellom forskingsmiljøa i regionen er viktig for å lukkast, at ein må ha ambisiøse forskingsmål og at ein bør innhente kompetanse frå andre nasjonale og/eller internasjonale forskingsmiljø for å få gode innspel til utviklinga av rusforskningsfeltet på Vestlandet.</p> <p>Vedtak:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• <i>Det regionale samarbeidsorganet er tilfreds med innhaldet i rapporten, og ber arbeidsgruppa og ansvarlege institusjonar følgje opp tiltaka 1-3. Tiltaka 4-9 kan følgjast opp på litt lenger sikt.</i></li> <li>• <i>Det regionale samarbeidsorganet gir fagdirektøren i Helse Vest i oppgåve å lyse ut dei resterande midlane i russatsinga i løpet av 2016, i tråd med tilrådingane i rapporten og med dei innspela som kom i møtet.</i></li> <li>• <i>Samarbeidsorganet gir fagdirektøren i Helse Vest i oppgåve å nemne opp ein ekstern fagkomité for vurdering av søknadane.</i></li> </ul>
<b>Sak 24/2016</b>	<b>Utlysing av midlar til samhandlingsforskning</b>
Vedtakssak	<p>Det vil bli ein ny strategisk satsing på samhandlingsforskning i perioden 2017-2019. Eit forslag til vedtak utarbeida av sekretariatet blei diskutert. Samarbeidsorganet understreka at samhandlingsreforma tematisk famnar svært breidt, og at problemstillingane kan vere relevant for fleire fagfelt som til dømes helseforskning, jus og samfunnsvitenskap. Eit open, tverrfagleg tilnærming til emnet er nødvendig. Følgjeforskning vil kunne vere sentralt. For å kunne svare på komplekse spørsmål treng ein store og samansette forskingsprosjekt. Samarbeidsorganet ønskjer derfor at samhandlingssatsinga konsentrerast omkring eit til to større tverrfaglege prosjekt. Bruk av eigenandelar frå deltakande institusjonar vil vere eit konkurransefortrinn. Dette må gå fram av utlysinga. Det er sentralt at dei ulike forskingsmiljøa og forskingsinstitusjonane - også utanfor helseforskningsfeltet - blir gjort oppmerksom på</p>

	<p>utlysinga av midlane og at dei blir invitert til samhandling. Fagdirektøren får i oppdrag å lage eit nytt vedtaksforslag for utlysing av midlar til samhandlingsforskning som tar opp dei ovannemnte aspekta.</p> <p>Vedtak: <i>Fagdirektøren får i oppdrag å utforme eit nytt forslag for utlysing av midlar til strategisk samhandlingsforskning til septembermøtet 2016.</i></p>
<b>Sak 25/2016</b>	<b>Ny representant til fagrådet i nettverket for muskel og skjelettlidingar (MUSS)</b>
Vedtaks sak	<p>Forslag til ny representant frå samarbeidsorganet til fagrådet i MUSS blei diskutert. Krav til kompetanse blei framheva. Også omsynet til god geografisk representasjonsfordeling av sjukehusa i Helse Vest-området blei vektlagt. Den nye leiaren for MUSS kjem frå Helse Bergen/Universitetet i Bergen og Samarbeidsorganet konkluderte med at ein ny, kvalifisert representant for samarbeidsorganet i fagrådet difor bør komme frå Helse Stavanger.</p> <p>Vedtak:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• <i>Det regional samarbeidsorganet utnemner Svein Joar A. Johnsen frå Helse Stavanger til ny representant i fagrådet for MUSS.</i></li> </ul>
<b>Sak 26/2016</b>	<b>Organisering av samarbeidsorgan</b>
Diskusjonssak	<p>Våren 2015 satt Helse Vest ned ei arbeidsgruppe som skulle vurdere dagens organisering med to samarbeidsorgan, eit for høgskulane og eit for universiteta. Fleire ulike modellar blei vurdert. Ei høyringsrunde blant institusjonane blei også gjennomført.</p> <p>Samarbeidsorganet gav i møtet følgjande innspel til fagdirektøren på kva som er dei viktigaste momenta i valet av modell når styret i Helse Vest skal handsame saka:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Utdanning og forskning er nært knytt saman, men samla sett blir dei to felte svært omfattande og vanskeleg å handtera i eit enkelt organ. Ein er derfor eintydig positiv til framleis å ha to samarbeidsorgan; eit for utdanning og eit for forskning</li> <li>• Det er viktig å ha relevant representasjon både i samarbeidsorgana for forskning og utdanning</li> <li>• Det bør avhaldas eit årleg samlingsmøte for dei to organa for å koordinere, drøfte og informere om større prinsipielle saker av felles interesse</li> </ul>
<b>Sak 27/2016</b>	<b>Orienteringssaker</b>
Orientering	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Program for klinisk behandlingforskning: <a href="http://kliniskforskning.rhf-forsk.org/utlysning/">http://kliniskforskning.rhf-forsk.org/utlysning/</a>. Dei regionale helseføretaka lyser i fellesskap ut ca. kr. 130 mill. til kliniske multisenterstudiar og samanliknande effektstudiar. Helseføretaka sitt eige eSøknad vil bli nytta.</li> <li>2. Styresak forskingsstrategi: Forslag til forskingsstrategi for Helse Vest skal no til styrehandsaming i Helse Vest. Helse Vest har ikkje tidlegare sjølv hatt ein eigen forskingsstrategi. Forslaget til strategi er lik samarbeidsorganet sin forskingsstrategi vedtatt på februar møtet 2016 (sak 05/2016).</li> <li>3. Helse 2030: Eit dokument om framtidsscenarioet for helsefeltet i Helse</li> </ol>

	Vest-området er under utarbeiding. Her vil ein mellom anna ta opp dei mest sentrale moglegheitene og utfordringane innan helseforskningsfeltet i åra framover. Dokumentet vil bli lagt fram for samarbeidsorganet på septembermøtet 2016.
<b>Sak 28/2016</b>	<b>Eventuelt</b>
	Forskningsdirektør Stein Tore Nilsen frå Helse Stavanger har vore med i samarbeidsorganet sidan starten i 2002. Han går no over i ny stilling i Helse Stavanger, og funksjonstida i samarbeidsorganet avsluttast 31. august 2016. Fagdirektør Baard-Christian Schem takka han for verdifull innsats i Samarbeidsorganet. Blomar vart overrekt på vegne av samarbeidsorganet.
<b>Neste møte i Det regionale samarbeidsorganet er onsdag 28.09.2016 på <a href="#">Clarion Hotel Bergen Airport</a>, kl. 10.30 – 14.30</b>	